



**Hordaland fotballkrets, sone Sunnhordland, har no hatt uttak av spelarar til spelarutvikling og to lovande ungdommar frå Uskedalen er med. Dei er Kari Bråtun og Hans Fredrik G. Zimmer, som spelar i J 96 og G 96.**

**For begge starta fotballinteressa i ballbingen på Korsnes.**

Dei skal vera med i to innleiande samlingar, den første på Stord 15. november og den andre i Rosendal 13. desember.

Dei som visar seg å vera gode nok, blir med på ytterlegare to samlingar, den første på Bremnes midt i januar og den andre på Husnes midt i mars.

Både Kari og Fredrik har gjort ein stor innsats på felleslaga med Rosendal.

På biletet over er dei saman med Katrine Y. Røssland og Bjørn Martin Haugland i ballbingen på Korsnes.

(Foto: Thor Inge Døssland)